Frøyland & Orstad kyrkjelyd

# 8. Soknerådsmøte 2016 20. September – Referat

## Mat: Sigbjørn

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar månad ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

ADU – AdministrasjonsUtvalget for fellesrådet- består av kyrkjeverge, to frå fellesråd og to tillitsvalte

| Sokneråd FOK | Tilstade: | Merknader / Vararepresentant: | Ansvarsområde |
|---|---|---|---|
| Jon Lende | X | Leiar av soknerådet | Representant til fellesrådet |
| Helen Hetland Mori | X | Nestleiar soknerådet | |
| Karl Inge Lygre | | | Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet |
| Torill Brådland | X | | Oppfølging av barnearbeidet |
| Bjørg Mikalsen | X | | Oppfølging av ungdomsarbeidet.<br>Representant til fellesrådet |
| Bjørg Nese | X | | 1. vara til fellesrådet |
| Sigbjørn Sørland | X | 1. vara møter fast | Representant til Livspust – diakonigruppa. |
| **Stab FOK** | | | |
| Morgan Fjelde | X | Sokneprest | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingunn Matre | X | Dagleg leiar | |

| | |
|---|---|
| | Delerunde og bønn |
| Sak : 53-16 | Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent med små endringar. Legge inn sak om korleis vi kan nå unge mellom ca 20-25 betre. |
| Sak: 54-16 | Godkjenning av referat frå møte 18. august. Godkjent med de kommentarene som framkom i møtet .<br><br>**Orienteringssaker :**<br><br>1. Orientering frå stab. Alle på plass frå denne veka. Vi kjører prosjekt for å gjera kjellarromma endå meir hensiktsmessige og kjekke for born og ungdom høgt på priolista for hausten. ( vedtak frå tidlegare at gåve på kr 150.000 i 2015 vert øyremerkt til dette ) Må være eit siktemål å bli ferdige dette året. Møteplan for det neste semesteret. Held på tirsdager for sokneràdsmøte. Ingunn sender med forslag til møteplan med referatet Lederdøgn 27.-28.januar eller 10-11. februar – begge er ledige på Holmavatn. Planlegging av videre TOL-tiltak for hausten . Neste er reunion for fjorårskonfirmantane 4. oktober , barnebibel til 4-åringene 23. oktober og LysVåken 26. – 27.november<br><br>2. Givartenesta for august : For august er dette 121.250.<br><br>3. Bispevisitasen. Endringer i programmet slik at møtet med kommunen kjem før møtet med fellesrådet. Dette er pga ordfører fekk endra møteplan den veka med ei reise. Anna som sokneràdet er med på den veka - SR-møte på tysdag, kulturkveld på torsdagen og gudstjeneste på søndagen.<br><br>4. Orientering – konklusjon av saka om gratis utlån til stab. Stiftelsen er orientert og har ingen ekstra kommentarer.<br><br>5. Orientering frå fellesrådsmøte 13. september.<br>Det vart ingen omfordeling av musikalske midler frå Bore. Dette vart vedteke i ADU møte før fellesrådsmøtet i starten av september<br><br>6. Behov for info-disk under på gudstjenestane. Treng å ta opp som ei sak der vi ser på kva det reelle behovet der, så inntil vidare legg vi ikkje opp rullering på dette. |

| | |
|---|---|
| Sak : 55 -16. | **Vårt val –dokumentet**<br><br>Det var ikkje mogeleg å få til eit nytt arbeidsmøte før soknerådsmøtet – så denne saka må utsetjast. |
| Sak: 56 -16 | **Økonomi – pr august 2016**<br><br>Rekneskap mot budsjett pr 31. August 2016 vedlagt innkallinga.<br><br>Siste side viser eit overskot pr august på 96.000. Dette er i stor grad eit resultat av at vi har hatt ubesatt 20 % av musikalsk leiar stillinga også i år.<br><br>Vi må framleis sjå på kva grep som kan gjerast for å dekka inn dei ekstra midlane som trengs for å dekka inn ei ny ca 40 % stilling som « Godt skodd « trusopplærar. |
| Sak: 57- 16 | **Saker til møte med Fellesråd og Kommune under bispevisitasen.**<br><br>Sjå vedlagt mail frå Jon og vedlagt mail frå gravplass-gruppa. Elles kom prosten oss litt i forkjøpet og sende mail til ordførar med forslag til saker no på torsdag. Men han hadde med desse på lista :<br><br>- Ny kyrkje på Klepp<br><br>- Dagleg leiing av kyrkjelyden<br><br>- Overdraging av kyrkjelege eigedommar<br><br>- Ny gravplass på Orstad<br><br>Mulige ekstra punkter<br><br>• Trenger en oppsummering av driftsutgiftene slik at vi sikrer at midlene frå Time kommune er i rett størrelse og tilkjem FOK<br>• Stiftelsen har avslutta saka med reklamasjonar, så dette er ei god anledning til å summere opp alle kostnader med byggeprosjektet.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Ingunn spelar dei to ekstra punktene inn til prosten |
| Sak: 58- 16 | **Tema gudstjenester vår** |

| | |
|---|---|
| | Ei enkel oversikt på tema er vedlagt frå Morgan. «Hvordan være rik» - ei temaserie om korleis vi forvaltar rikdomen vår, tema «Godhet» i fastetida og tekstar frå apostelgjerningane etter påske<br><br>Det vart diskutert litt om temaseriane kan verta litt for korte i tidsrom, utan at det kom til ein annan konklusjon enn at det kan arbeidast vidare med desse tema for våren. |
| Sak 59- 16 | **Prosess vidare for val av bispe-kandidat**<br><br>Vedlagt er mail frå bispedømekontoret med informasjon om tilleggsnominasjon.<br><br>Sjølve valet av kandidat må vi ta etter 5. oktober , dvs i soknerådsmøtet 18.oktober.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Soknerådet ynskjer ikkje å nominera tilleggskandidatar |
| Sak 60-16 | **Fokus på aldergruppen ca 20-25**<br><br>Det er kome innspel på at vi gjerne mistar mange unge i denne overgangen , og kan være vanskeleg å finne vei inn i denne kyrkjelyden igjen seinare om ein har byrja å gå ein annan stad.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Bjørg Mikalsen sjekkar med si huskyrkje om det er mogeleg om eit par representantar frå soknerådet kan koma på besøk til ei samling med huskyrkja for å ha ein open samtale om kva som ville gjort det lettare å bli med vidare i overgangen frå FOKUS |